

Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 20.09.18

Til stades: Karine Tjørhom Myhra, Anita Haugen, Tone Østtveit Kvinen,
May Britt Ousdal og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Solveig Marie Ådneram og Eva Marianne Tennfjord

Sak 18/18: Planleggja årsmøtet

Me har planlagt årsmøte 24.10.18, men etter diskusjon fram og tilbake om tema, ende me opp med ny dato 31.10.18 på helsehuset/dagsenteret.

Ingen har kontakta Ellen Marie Tesaker (bok om reparering av klede) eller Sosan Asgari Mollestad (Kvinner ut), og sidan det berre er 20 medlem att i Sirdal bygdekvinnelag, vil me finna ut kva medlemmene vil vidare.

Tema blir **Treng me Sirdal bygdekvinnelag?** med tilleggsspørsmåla

- Kva er bygdekvinnelaget for deg?
- Kvifor melde du deg inn i bygdekvinnelaget?
- Kva er bygdekvinnelaget lokalt og kva rolle spelar lokallaget i bygda?
- Kva vil me at bygdekvinnelaget skal vera framover?

Me diskuterer spørsmåla med sidekvinna, før me diskuterer i plenum.

Før det vil me høyra kva Bjerkreim bygdekvinnelag gjer for å ha eit aktivt og stort lag, og Anita tar kontakt med Sigfrid Vaule Vassbø og/eller Gro Marie Austad. Kan ikkje nokon av dei, høyrer Åse-Berit med Tone Ravnås i nystarta Randaberg bygdekvinnelag.

Anita og Åse-Berit lagar forslag til invitasjonstekst og sender ut til både noverande og tidlegare medlemmer, og Anita sender ut medlemsliste og oversyn til valkomiteen.

Servering: May Britt har ansvar for suppe og focaccia.

Sak 19/18: Refleksjakt

Tone og Anita var sett opp som ansvarlege på refleksjakt 29. oktober, men det hadde ikkje nokon av dei vore med på før, så det vart ein diskusjon om å bli sett opp på aktivitetar ein ikkje har valt sjølv. Dette har stått på årsplanen sidan konstitueringsmøtet 20. november 2017, og er ein med i eit styre, må ein rekna med å få ansvar for ein eller fleire aktivitetar, sjølv om ein ikkje treng gjennomføra di åleine. Ingen følte for å ta utfordringa, så refleksjakta vert avlyst.

Sak 20/18: Bøsseberarar TV-aksjonen 2018 - Kirkens bymisjon - 21. oktober
Skulen har skaffa fem bøsseberarar, og bygdekvinnelaget stiller med ein sjåfør og to bøsseberarar, samt kanskje to sjåførar til om det trengs.
Åse-Berit gjev beskjed til Torunn Josdal i Sirdal kommune.

Sak 21/18: Nye innbuarar
Me veit ikkje om nye innbuarar så langt, men Eivind Klemetsen må få, sjølv om det har blitt utsett lenge!

Sak 22/18: Leiarmøte 24. november 2018
Anita og Tone kan, og det er ønskeleg at heile det nye styret reiser.

Saker til neste møte: Organisasjonskurs på nett
Verving